

## Møtebok for:

### Årsmøtet i Øvre Naustdal Utmarkslag Instedalen Skule onsdag 22.03.17 kl. 19.30

Desse møtte:

Normund Svoen, Arne Dvergsdal, Odd Vonen, Olav Svoen, Marius Nes, Atle Fimland, Narve Fimland, Andreas Sørebo, Anders Neset, Kjell Klopstad, Ivar Svorstøl, Gudmund Eimhjellen, Ivar Teigen.

#### Sakliste:

##### Sak 1 Val av møteleiar.

Normund Svoen vart vald

##### Sak 2 Val av skrivar.

Kjell Klopstad vart vald

##### Sak 3 Val av 2 til å skrive under møteboka

Anders Neset og Andreas Sørebo vart vald

##### Sak 4 Godkjenning av innkalling

Innkalling vart samrøystes godkjent

##### Sak 5 Godkjenning av dagsorden

Samrøystes godkjent

##### Sak 6 Årsmelding 2016

Leiar gjekk gjennom ei fyldig og omfattande årsmelding.

Det vart stillt spørsmål om kvaliteten på materialar som vart brukt til bygging av klopper.

Atle Fimland orienterte om arbeidet i villreinutvalet. Området dekker eit areal på 419000 da, der Gloppen har 49%, Naustdal 24% og 40 rettshavarar, Jølster 20% og Førde 6% av arealet.

Det vert tilrådd 2 års karantene før den enkelte rettshavar kan trekkast ut for nytt fellingsløyve.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

##### Sak 7 Rekneskap for 2016

Rekneskapen viser ein saldo på kr 70451,- på driftskonto, og kr 9500 på prosjektkonto.

Revisjonsmelding vart opplesen.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

##### Sak 8 Val

Andreas Sørebo la fram valnemnda si innstilling.

Val av leiar: Normund Svoen vart attvald

Val av 2 styremedlemer: Odd Vonen og Kjell Klopstad vart attvalde.

Val av 2 varamedlemer: Narve Fimland og Kjell Rune Teigen vart attvalde.

Val av 2 revisorer: Olav Svoen og Torstein Svorstøl vart attvalde.  
Val av 2 personar til valnemnd: Andreas Særebø vart attvald og kallar  
valnemnda saman. Geir Lunde går ut, og i hans stad vart Ivar Teigen vald.  
Anders Neset vart vald som vara.

Alle val var samrøystes og etter valnemnda si innstilling og utan motkandidatar.

#### Sak 9 Eventuelt

Leiar takka av Atle Fimland for godt arbeid i villreinutvalet med gåve.

Leiar delte også ut gåver til styremedlemene, og takka for godt samarbeid i styret.

Normund Svoen fekk godord og applaus for arbeidet som leiar.

Ref: Kjell Klopstad, 01.04.17

Anders Neset

Andreas Særebø